

KOMMISJONSFORORDNING (EF) nr. 1712/95**av 13. juli 1995****om endring av forordning (EØF) nr. 1014/90 om gjennomføringsregler med hensyn til definisjon av, betegnelse på og presentasjon av alkoholsterke drikker(*)****KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESKAPA HAR -**

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsforordning (EØF) nr. 1576/89 av 29. mai 1989 om alminnelige regler om definisjon av, betegnelse på og presentasjon av alkoholsterke drikker⁽¹⁾, sist endra ved forordning (EF) nr. 3378/94⁽²⁾, særleg artikkel 6 nr. 3, og

ut frå desse synsmåtane:

Ved kommisjonsforordning (EØF) nr. 1180/91⁽³⁾, som tok til å gjelde 11. mai 1991, vart det lagt til ein ny artikkel 7a i kommisjonsforordning (EØF) nr. 1014/90⁽⁴⁾, sist endra ved forordning (EF) nr. 2675/94⁽⁵⁾, der det er fastsett at dei termene som kan finnast saman med salsnemninga for produkta i vedlegget til forordning (EØF) nr. 1180/91, berre kan nyttast for dei produkta som er definerte i vedlegget. Ei skrivefeil har gjort at det i den tyske vedleggsteksta, under definisjonen av «Vruchten-jenever», vert vist til aromatisering av «Wacholder» i staden for «Jenever», og ho er difor ikkje i samsvar med den teksta som danna grunnlaget for fråsegna som vart gjeven etter artikkel 15 i forordning (EØF) nr. 1576/89.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Dei tiltaka som er fastsette i denne forordninga, er i samsvar med fråsegna frå Gjennomføringsutvalet på området alkoholsterke drikkar -

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:**Artikkel 1**

I nr. 1 i den tyske teksta til vedlegget til forordning (EØF) nr. 1014/90 vert termen «Wacholder» bytt ut med termen «Jenever».

Artikkel 2

Denne forordninga tek til å gjelde sjuande dagen etter at ho er kunngjord i *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*.

Utfjerda i Brussel, 13. juli 1995.

For Kommisjonen

Franz FISCHLER

Medlem av Kommisjonen

(*) Denne EF-rettsakten, kunngjord i EFT nr. L 163 av 14.7.1995, s. 4, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 47/97 av 10. juli 1997 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se denne utgave av EØS-tillegget til De Europeiske Fellesskaps Tidende.

(1) TEF nr. L 160 av 12.6.1989, s. 1.

(2) TEF nr. L 366 av 31.12.1994, s. 1.

(3) TEF nr. L 115 av 8.5.1991, s. 5.

(4) TEF nr. L 105 av 25.4.1990, s. 9.

(5) TEF nr. L 285 av 4.11.1994, s. 5.